



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svf.no

## Delegert vedtak

Rogaland Alpine Redningsgruppe  
v/Lars Flatø Nessa  
Bratthetland 48  
4139 Fister

Arkivsaksnr: 2021/7211-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 17.08.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR - delegert utvalg	91/21	
Verneområdestyret for SVR		

### Delegasjonssak RO 44/2021

## **Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med gjennomføring av redningsøving ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune – Rogaland Alpine Redningsgruppe**

Viser til søknad frå 16.08.2021 om dispensasjon til helikoptertransport i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har etter delegert mynde fatta det dette vedtaket 17.08.2021.

Med vennleg helsing

Alf Odden  
Verneområdeforvaltar SVR

*Brevet er godkjent elektronisk og sendast utan underskrift*

Kopi:




Sandnes kommune, Statsforvalteren i Rogaland

### **Vedtak**

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3, bokstav a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Rogaland Alpine Redningsgruppe v/ Lars Flatø Nessa, dispensasjon til å bruke helikopter i samband med gjennomføring av ein redningsøving.

Dispensasjonen omfattar lågtflyging under 300m i sona som er vist på kartet i vedtaket. Dispensasjonen omfattar og landing på Geitaneset og på Kjeragplatået.



Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 24-26.09.2021.

Redningsøvinga må gjennomførast slik at den medfører minst mogleg forstyrring av fotturistane på Kjerag.

### **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klaga skal sendast til verneområdestyret for vidare handsaming. Klagefristen er 3 veker frå mottak av vedtaket. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i saksdokumenta. Skrifteleg klage skal sendast til Verneområdestyret for SVR Pb. 788 Stoa, 4809 ARENDAL eller på e-post til [sfagpost@statsforvalteren.no](mailto:sfagpost@statsforvalteren.no) Oppgi kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram.

### **Bakgrunn for søknaden**

Viser til søknad datert 16.08.2021.



Rogaland Alpine Redningsgruppe v/ Lars Flatø Nessa søker om dispensasjon til å bruke helikopter i samband med ei redningsøving ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i tidsrommet 24-26.09.2021.

Rogaland Alpine Redningsgruppe er i arrangør for Nasjonal øyving i fjellredning, kor mellom anna 330-skvadronen og Norsk luftambulansedeltek. Øvinga vil skje i og ved Kjeragveggen ved aktuelle klatreruter og exitpunkt for BASE hopping. Øvinga vil omfatte lågtflyging over Kjeragplatået og ved Kjeragveggen. Det vil og bli gjennomført landinger på Geitaneset.

Rogaland Alpine Redningsgruppe har dei siste åra vore involvert i fleire komplekse redningsaksjonar i Kjeragområde. Det er derfor verdifullt å kunne øve i område.

#### **Formell bakgrunn for vurdering og vedtak**

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

#### **Heimelsgrunnlag**

Frafjordheiane landskapsvernområde og deitilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante-og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at "Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging".

Motorisert ferdsel i verneområdet vert regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkjøretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med øvingsverksemd..

Omsøkte tiltak kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon for å kunne gjennomførast, jamfør §3, punkt 5.3.a.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde. Arbeidsutvalet har i AU sak 11/2013, delegert avgjerdslemynde for dispensasjonssøknadar om ferdsle etter verneføreskriftene til verneområdeforvaltarane.

## **Vurdering**

### *Naturmangfaldlova*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.



#### *Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Området ved Kjerag kor det er søkt om lågtflyging ligg frå havoverflata til om lag 950 m.o.h. Kjeragveggen er stupbratt, men plataet på toppen er relativt flatt. Området har mykje bart fjell i dagen og elles skrinne vegetasjon.

Denne delen av Frafjordheiane har ikkje blitt brukt av villrein dei siste 30 åra. GPS data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) har ikkje registrert plott frå området i tidsrommet 2006-2019. Riktig nok har Frafjordheiane tradisjonelt vore eit bukkeområde og GPS registreringane omfattar i liten grad bukkar, men det er ingen indikasjonar på at det har vore villrein i området dei siste 30 åra. Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle nær trua naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. I følgje Fylkesmannen i Rogaland (2001) er områda rundt Kjerag gjennomgåande artsfattige.

Kunnskap om fotturismen på Kjerag baserer seg på NINA-rapport 1411 Brukerundersøkelse ved Kjerag sommar/haust 2017. Her kjem det fram at det er svært mykje ferdsle i dette området i samband med fotturisme. I følgje ferdselsregistreringar gjennomført av NINA var det om lag 55.000 besøkande på Kjerag i 2017-sesongen. I slutten av september er derimot talet på besøkande på veg ned. På grunn av Covid 19 restriksjonane har besøket på Kjerag vore langt lågare enn normal i 2021.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsle det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er ingen større tekniske inngrep ved Kjerag. Det er gjeve tre andre løyve for helikoptertransport til Kjerag i 2021. Dette gjeld mellom «Kjerag Boogie» som omfatt 44 helikoptertransportar. I slutten av september 2021 vil ferdselen i Kjeragområdet vil være låg.

I og med at det ikkje er registrert andre sårbare artar og naturtypar i på staden, vil helikoptertransporten det er søkt om, etter forvaltningssekretariatet si vurdering, berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område. Når ferdsle er låg vil og faren for forstyrring av fotturistar være avgrensa.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, meiner forvaltningsstyresmakta at bruk av helikopter er det beste alternativet. Det er og viktig at Rogaland Alpine Redningsgruppe og dei andre deltakarane får gjennomført realistiske øvingar. Det er og positivt at slike øvingar blir lagt til ei tid på året der faren for forstyrring av fotturistar er liten.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.



*Konklusjon*

Motorferdsla det er søkt om vil berre i svært liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane landskapsvernområde. Motorferdsla er heller ikkje av eit slik omfang at det vurderast til å være i strid med verneføremålet.